

VISITASFOREDRAG VED BISPEVISITAS I AUSTEVOLL 2.-5. OG 7. DESEMBER 2014

Kjære kyrkjelyd!

No er vi komne til avslutninga av min andre visitas som fungerande biskop. Det har vore flotte dagar, og eg kjenner meg privilegert som har vorte kjent med ein slik fin, raus og gjestfri stad og kyrkjelyd. Her skjer det mykje godt, og her er det tiltakslyst. Det er ei glede å møte ein stab der alle talar godt om kvarandre og det er tydeleg at samspelet er godt. Det viser jo igjen på alt det de får til.

Prosten har gitt eit levande referat frå det sagnomsuste julespelet «Og det skjedde i de dager», som gav ein flott inngang til visitasen. Dessverre hadde eg sjølv ikkje høve til å få det med meg. Men folk har valfarta langvegs frå for å sjå det vesle Jesusbarnet i Storekalsøy kyrkje.

Eg hadde stor glede av å møte ein del av lokalsamfunnet på eit interessant besøk på North Sea Shipping. Vi vart godt mottekne, og eg har lært mykje nytt om «subsea»-aktivitet, om robotfartøy og avansert ingeniørkunst.

Eg vil og trekkje fram eit godt møte med kommunen, og eg sette stor pris på at både ordførar og varaordførar vart med på møtet med sokneråd og stab. Det vitnar om at kyrkja har ein naturleg plass i kommunen. I møtet på kommunehuset fekk vi ein god samtale om kva som er utfordringane, også økonomisk. Og den samtalen vil halde fram. Eg fekk høyre om kva som skjer for å bygge eit godt lokalsamfunn: Korleis ein satsar på haldningsskapande arbeid, ikkje minst med MOT-prosjektet for ungdommen, og korleis dei gode kommunikasjonane etter at bruene kom også fører til nye strukturar og arbeidsmåtar både i eldreomsorga og i skulane – og i kyrkja.

Det har vore mange gode samtalar under visitasen, og eg har fått eit godt inntrykk av kyrkja i Austevoll gjennom møter med stab, sokneråd og utval. Det har også vore ei god hjelp å ha hatt ei informativ visitasmelding.

Etter ein visitas skal biskopen - også ein som fungerer - oppsummere sine inntrykk i eit visitasforedrag. Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Per Barsnes.

KYRKJENE

Det er naturleg å starte med kyrkjene: Austevoll, Bekkjarvik, Stolmen, Storekalsøy, Hundvåkøy og Møkster.

De har sjølve bestemt at alle kyrkjene skal vera i bruk, så no gjeld det å bruka dei. Og det gjer de, særleg når det skjer noko spesielt. Eg fekk høyre at i desember i fjor var det 36 tilskipingar i kyrkjene, 29 som kyrkja sjølv stod for, og det kom heile 4600 innom. Det betyr at så å seie alle i kommunen var i kyrkja i desember, ja bortsett frå nokre få som sikkert var på fiske. Eit slik tal tyder jo at folk bryr seg om det som skjer der og ikkje berre om kyrkjebygga. Det må de gjenta i år!

No er det laga ei gudstenesteordning med gudsteneste annankvar søndag her i Austevoll og søndagane i mellom vekslar mellom nord og sør. Det er ei prioritering av sentrum som eg trur er rett, og det ser ut til å fungere. Statistikken viser 113 i gjennomsnitt, det er bra, men det betyr nok at nokre av gudstenestene er dårleg besøkt. Då vil eg minne om Per Lønning sine ord frå ein tidlegare visitas: «Når kyrkjeklokka kallar til gudsteneste er bruene kyrkjeveg.» Og eg vil legge til noko som vart sagt på møtet med soknerådet: «Hugs at bruene er tovegs». Gå i nabokyrkja! Det er ikkje langt til neste kyrkje.

TRUSOPPLÆRING OG ULØNA MEDARBEIDARAR

Eg var så heldig at eg fekk vere med på babysong i Hundvåkøy kyrkje. Det var ei flott oppleving, og eg forstår godt at det har vore så populært at ein har hatt 100 prosent oppmøte. No er trusopplæringa godt i gang. De har tilsett gode folk, og de får til mykje.

Men det er ein avgjerande faktor, og her vil eg rette ei utfordring til kyrkjelyden: Staben kan ikkje gjere alt åleine. Det trengst medarbeidarar. Det trengst foreldre som kan vere med, det trengst frivillige. Og så eit ord til staben og soknerådet: Det

trengst eit godt opplegg for å ta vare på dei frivillige, uløna medarbeidarane slik at dei trivst og ikkje slit seg ut.

GJEVARTENESTE

Eg vil gi ros til Austevollingane for vilje til å gi til kyrkjene sine. Det kjem inn mykje pengar via den årlege giroen som vert sendt ut, og dessutan meir eller mindre spontant når ulike behov melder seg. Sjølv om det ikkje er prest løna av kyrkjelyden lenger, trengst det pengar til den reint kyrkjelydsbyggande verksemda, mellom anna til trusopplæringa. Rett nok kjem det statlege midlar, men dei rekk ikkje til å driva eit godt og kreativt arbeid som de har starta på her.

Ein kyrkjelyd som Austevoll bør legge til rette for fast gjevarteneste slik at ein kan budsjettere med det og slik at den einskilde får høve til å gi til si hjartesak, til dømes det arbeidet borna er med i. Skal eg sjølv gi eit tips, må det bli at Austevoll kyrkje treng gode stolar som står godt til kyrkja sitt interiør.

VAKSENUNDERVISNING

Vaksenundervisning vert stadig viktigare. Her vil eg trekkje fram det positive samarbeidet som har vore om Alpha-kurs mellom kyrkja og indremisjonsforeiningane på bedehusa, eit lågterskeltilbod som gjer det lettare for nye å finne sin plass rundt bordet og delta i samtalen om sentrale kristne spørsmål. Det er flott at de har halde på i mange år og stadig held på. Eg har i visitasen hatt eit godt møte med indremisjonen og ein god samtale om det som er felles, vi er opptekne av at den oppveksande slekt skal bli nådd av evangeliet og finne sin plass i eit kristent fellesskap. Eg er trygg på at de vil finne gode måtar og former for vidare samarbeid mellom kyrkje og bedehus.

SKULE-KYRKJESAMARBEID

Vi hadde eit godt møte med lærarane på Storebø skule og ein spennande og innhaldsrik spørjetime med tiande klasse på ungdomsskulen. Eg fekk høyre om eit samarbeid som fungerte, både i skulegudstenester og når presten har time om sorg med borna. Samstundes kom det fram eit ynskje om ein fast plan for dette

samarbeidet slik at det kan planleggast i god tid og passe inn i skulen sine planar. Det må de få på plass no som det ligg så godt til rette for det.

DIAKONI OG MISJON

Diakonien fungerer her i Austevoll, og det sjølv om ein ikkje har klart å følgje opp alle planane til diakoniutvalet. Her er det besøksteneste og månadlege samlingar på PO-senteret. Det er fast kyrkjekaffi. Det er òg eit diakonalt arbeid, fordi ein skaper møteplassar for folk. Og når den tid kjem at ein skal fornye planane kan rådgjevaren for diakoni og misjon på bispekontoret vere til god hjelp.

Misjon var noko av det Hagesæther tok opp då han var her for 15 år sidan. No har de fått kontakt med ein kyrkelyd i Vyborg, og de har hatt kontakt med Madagaskar og brukar tørkeklutar frå Madagaskar under dåpen. Det som manglar er ein fast misjonsavtale med støtte til ein kyrkjelyd eller eit misjonsprosjekt i sør. For som de sjølve skriv i visitasmeldinga: «Vi er ein del av den verdsvide kyrkja» - og det må synast i praksis.

UNGDOM

Austevoll har det som mange andre kommunar langs kysten, mange ungdomar reiser bort når dei er 16 år. Dermed vert året etter konfirmasjonen svært viktig. Og eg vil at de ser på kva som kan gjerast for å halde på den gode kontakten som er bygd opp i konfirmasjonsåret. Eg synest det var flott å høyre at de har lagt om konfirmantopplegget etter å ha spurt konfirmantane kva dei meiner. Det viser at de tek dei på alvor. Det arbeidet de har lagt ned dei siste par åra på å fornye konfirmantopplegget haustar svært gode tilbakemeldingar.

De står sjølv sagt fritt til å finne på noko sjølv, men dersom eg skal foreslå noko vil det vere å tenkje på leiartrening. Det finst eit opplegg som heiter MILK, og bispedømet har laga eit samtaleopplegg som heiter OPP-NED særleg for den gruppa. Kanskje skal de òg utfordre nokon av konfirmantane til å vere med som hjelpeleiarar vidare. Så kan ein òg søkje kontakt med ungdomsmiljø i Fana eller i St. Jakob i Bergen, den kyrkja som vi likar å kalle Ungdomskatedralen, like ved buss-stasjonen. St Jakob-prosjektet har som mål å vitalisere arbeidet med og for ungdom, ikkje berre i Bergen by, men i heile Bjørgvin.

TAKK

Eg vil avrunde visitasen med å takke soknepresten, kyrkjevevja, soknerådet og staben, alle som har tatt del i skrivinga av visitasmeldinga. Meldinga er god og innhaldsrik og har vore eit godt utgangspunkt også ved utarbeidinga av dette visitasforedraget. Takk for flott tilrettelegging av visitasen og gode møter. Takk til kantor og kor og alle andre medverkande for ei flott gudsteneste i dag. Takk òg til prosten som har vore med å legge til rette og har vore med heile vegen. Han vil om eit års tid kome på besøk att for å drøfte vegen vidare og følgje opp dei punkta som var særleg viktige under visitasen.

Og så vil eg gjenta utfordringane til dykk, som oppsummerer denne visitasen:

- Bruk kyrkjene som de no har. Lat bruene vera kyrkjeveg begge vegar.
- Lag eit system for å ta vare på dei frivillige, uløna medarbeidarane.
- Få på plass ei ordna gjevarteneste.
- Lag ein skule-kyrkjeplan.
- Ta grep for å få til eit tilbod for ungdom året etter konfirmasjonen.

Og med desse utfordringane takkar eg for gode dagar og reiser frå Austevoll med mange gode minne.

Som ei siste helsing vil eg gjere apostelen Paulus' ord til mine. Det er det verset som står rett etter dagens tekst frå det fyrste Korintarbrevet (15,58):

Difor, mine kjære sysken, ver støe og urikkelege. Ta stadig rik del i Herrens gjerning! For de veit at i Herren er ikkje arbeidet dykkar nyttelaust.

Eg ynskjer Guds velsigning over kyrkjelyden i dei fem kyrkjene i Austevoll.

Bjørgvin bispestol, 7. desember 2014

Jan Otto Myrseth

fungerande biskop